

bokselskap.no, 2011

Olav Aukrust: *Utvalgte dikt*

Tekstene er transkribert fra: Himmelvarden, 2. utg. 1922, Hamar i Hellom, 1. utg. 1926 og Solrenning, 1. utg. 1930.

ISBN: 978-82-8319-003-8 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-004-5 (epub), 978-82-8319-005-2 (mobi)

Sist oppdatert: 25.03.2019

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Olav Aukrust

Utvalgte dikt

1916–29ⁿⁱ

[Sota](#)

[Brigde](#)

[Skalden](#)

[Einsleg](#)

[Lengsel under alle lengslur](#)

SOTA

[k1](#)

Det er ei sæter som heiter Sota,
og einsleg ligg ho i svarte audni.
Eg kom der veg-vill ein gong ved midnatt,
og myrke segner imot meg susa, –
sev for vind uti straum rakte,
kragg og trollskog kraup og krakte –
kryp og krøk der til domedag.

*

Det var ei hildrande ungmøy-hulder
som sat budeigje paa denne stulen.
Ho heldt med [n2](#) tvo, og det vart til vaae, –
ho fekk daa nøgdi, til sist, av baae,
og dei fekk metta si baae tvo.

Det hende noko der, langt attende.
Det small eit skòt der ein gong ved midnatt.
I ormut otte laag ein og glødde,
han laag og lura, han laag og lødde –
hin stupte daa skotet small.

– – – – –

Han kom til Sota ved midnatts-leite
og kravde løni for velgjort arbeid.
Han stengde døri, ho sløkte ljøset
– det rauta tungt gjennom fenafjøset –
tvo hjarto dunde i natti nifs.

Han som skaut, var han Kristen Fange,
men han som stupte, fekk ingen spurt meir.
Han jaga fram gjennom natti, fullvåk,
han lengta mot hennar heite famntak –
i tjønne søkktest han ende ned.

Han fanst att sidan, i folkehugen –
der flyt han upp or den svarte tjønni – –
og fer til kyrkje med fagert fylgje, –
fraa høgste Lomsegg lèt Fangjen hylje
sin munnharp'-slaatt over ferdi ned.

Daa dryp det blod or den svarte kista,
og som ei saud-soks er harpa stor, og
det syg og syg som paa djupe vòtn –
høyr, ned fraa Lomseggi fossar slaatten
som nemnest *Fangen* den dag i dag.

Nifs er slaatten hans Kristen Fange,
og svart er segni som sjølve Sota;
som høgste Lomseggi ris ho bratt
imot himmelkvelv, og som tjønn ved natt
gaar ho ende ned i sitt helvit-djup.

*

Kva dei tvau tala den siste natti
hev ingen høyrst um og ingen spurt um.
Kva løn, kva fagnad – kva lagnad fekk han?
– Og munnharp'-spelar og tulling gjekk han,
og ho sat aldri paa Sota meir.

*

Eg kom dit myrkrædd ein gong ved midnatt,
og segni gufsa fraa gamle tuftom,
og det var nattgangar-vilt ved Sota,
og det var attgangar-stilt ved Sota,
og skoddi raa uppi høom rakte, –
kragg og trollskog kraup og krakte –
kryp og krèk der til domedag.

BRIGDE

k2

Hugbòd som fyrr leika hauk over hauk
i storstilla blaa
og solblanke ned over tankane strauk,
er ingen stad høyre hell sjaa.

Stride som straalande kvæde dei kvad
og lyste seg leid.
No er det att berre burtblaasne blad
ein haustdag paa villande heid.

*

Mjukar enn myrull som voggar i vind
langt inn i fjell,
er minni som sviv gjenom mannasinn
ein skybleik og blaasande kveld.

SKALDEN

k3

I

Skaldskap er ofte ei glede
som sorgi og naudi gjev næring.

Difor er òg eit kvæde
ofte ei blømande tæring.

Elden som tærer i barmen,
slær ut i skinande blommar.
Elden i sorgi og harmen
driv fram ein blømande sumar.

*

Skalden skal trengslune trasse
og sigrande kvæde si kvide.
Med kvate ord og med kvasse
kløyve han yra den stride.

II

Som æventyrguten seg gjorde
til maur og falk og løve,
kann skalden med skaldeordet
dei same bragderne øve.

Maurande djupt innunder
veldige røter smyg han.
Og høgt over avgrunns dunder
lik falken til himmels flyg han.

Einsleg i audni ber han
sin brand gjennom natti den lange.
Og sterk liksom løva gjer han
umsider det sigrande spranget.

III

Skalden er bleik av di han
styrer so stort eit orkester.
Skalden fær kveik av di han
hyser so eldfulle gjester.

Den siste, utrolege gjesten
er ofte ein hugsefull lengsel
mot siste, namlause resten
som sit i sitt einslege fengsel.

Men kjem so den lengtande gjesten
med den han til sist fekk fat i,
daa lyser hjaa skalden festen,
um so det er svartaste natti.

IV

Skalden kann ikkje sova
naar livselden brenn og brusar.
Daa lyfter han taket av stova,
og stjernehimlane susar.

Skalden, det er ein sjåar
som ser gjennom hildrande eimar.
Skalden er ein som skodar
djupt inn i heilage heimar.

Ein skald er ein skattefinnar
som ljósar paa leitingsferdi.
Ein skald er ein sigervinnar
over seg sjølv og verdi.

EINSLEG

[k4](#)

All hennar buskap er komen i kveld.
Storstillá lyfter seg. Ikkje eit liv
er att uti fjell.

Haustsoli ned attum Lendhø glatt.
Ein spiter av globeike, tindrande sprænur
stod tandrande att.

No er ho fjella. Ein kveldsrøde rein
langt atti kampom glimar i Klompom.
Der er ho sein.

So kjem han, den siste, den dulrame gjest
som kveldsgullet ranar på heidar og tindar
til burtlengste rest.

Myrkret kjem rullande. Manar til ro.
Alt støkk attende for audni og natti ...
So nære som ho.

Kven er det som sviv uppå Jyrudalshø'n ...
Ti år er gjengne; men enn er ho fest der.
Med saknad til løn.

Det skranglar i krake og bergblakk ved

der midt burt i kampen, for *ørn* berre ustygg –
so bratt er det ned.

Der nede på elvi er ingen som ror.
Naustet er burte, og nedsanda båten
set aldri meir spor.

Aldri ei bære meir klappar um kjøl.
So burte er *den* tid som spor etter båt
over haustblå høl.

Det legg ingen båt inn på kvitstein-strand –
løynrodd av ein som kleiv nuten um natti
og hit upp fann.

Nattvinden rek i det haustgule skrud –
Det *er* ikkje anna enn detta ho høyrer.
Å Herre min Gud!

Ein vindgust frå allstad og ingen stad ..
Det er det einaste. Hav er i millom.
Ein gong var ho glad.

So haustvåt er natti, so heit hennar kinn,
so myrk, so forfælande meiningslaus verdi
og lagnaden blind.

Fjellnatti susar, det lid og det skrid.
På nytt finn ho leidi og stigen hin løynde
til haugane tri.

Der gjeng ho til møtes med guten sin –
der gjeng ho i draumar og minne og møter –
'om Tusshaugvind:

Ein einsleg, ein kveld-viss og fjell-viss blåst
som, høyrd av budeigjur her hunradtal år sidan,
aldri forgåstⁿ³.

LENGSEL UNDER ALLE LENGSLUR

k5

Lengsel under alle lengslur,
du er einsleg, du er *ein*.
Du som trassar alle trengslur,
einfengd du og liljerein
låg og livde djupt i hugen
som den løynde lauk i skogen
medan mang ei lauva grein
braglande i dagen skein.
Mange heite grytur kolna,
mange brikne greiner grisna,
mang ei småblømd ovring folna
mangblømd burt med blad som visna,
medan du i dalar døkke
næring saug av sol og jord:
holken brast, og til din kløkke
klokkeblome blankog stor
kviskra vinden: Sving og kim!
Klåre klokke, ring og kim!
Kim i alle kyrre skogar,
ring og klim for alle hùgar,
kim i bleike, frosne lundar,
kim for kvart eit lliv som stundar.
Kysst av Himeriks Aurora,
morgonblank, med gråt i auga,
skin du, lengsels uniflora,
i dei fyrste geislar lauga.
Lengsel over alle lengslur,
fager er di blømingstid:
Upp or kjellarmyrke trengslur
stig du no med krona fri.

Noter:

[n1.](#)

Tekstene er transkribert fra: *Himmelvarden*, 2. utg. 1922, *Hamar i Hellom*, 1. utg. 1926 og *Solrenning*, 1. utg. 1930.

[n2.](#) Halde med: halde seg til, faast med

[n3.](#) forgåst: forgjengst.

[k1.](#) Diktet ble utgitt i diktsamlingen *Himmelvarden* (1916).

[k2.](#) Diktet ble utgitt i diktsamlingen *Himmelvarden* (1916).

[k3.](#) Diktet ble utgitt i diktsamlingen *Himmelvarden* (1916).

[k4.](#) Diktet ble utgitt i diktsamlingen *Hamar i Hellom* (1926).

[k5.](#) Diktet ble utgitt posthumt i diktsamlingen *Solrenning* (1931).

Olav Aukrusts *Utvalgte dikt* er lastet ned gratis fra bokselskap.no